

VEDTEKTER FOR MØRE OG ROMSDAL SV

Oppdatert 2017

§ 1.

Fylkespartiet er forplikta av Sosialistisk Venstreparti sine vedtekter og program. Det grunnleggjande for fylkesorganisasjonen finst i § 12- 17 i dei sentrale vedtektene.

§ 2.

Fylkesårsmøtet vel eit fylkesstyre på 7 medlemmer. Det vel ei nummerert og prioritert fast vararekkje til heile fylkesstyret. Første vara møter fast på fylkesstyremøta, har tale- og forslagsrett, men berre stemmerett om ein fast medlem manglar. Fylkesårsmøtet vel fylkesleiar og nestleiar. Leiaren har dei politiske sakene som sitt hovudarbeidsfelt. Nestleiaren og fylkessekretæren deler dei organisatoriske sakene mellom seg. Fylkesleiar og nestleiar blir valde for to år, men årsmøtet kan i spesielle tilfelle velje leiarane for eit år. Fylkesleiar og nestleiar har ei fast godtgjering per år. Fylkesårsmøtet fastset kvart år neste års godtgjering.

Fylkesstyremedlemene med varamedlemmer blir valde for 2 år, men slik at 4 eller 3 i fylkesstyret er på val kvart år. Medlemmene i fylkesstyret har møteplikt. Dersom ein medlem er borte frå to møte utan gyldig grunn eller utan å melde frå, blir medlemmen utelukka frå styret, og første vararepresentant rykkjer opp som fast medlem. Fylkesstyret kan oppnemne nytt varamedlem.

Distriktssekretæren kan ikkje vere medlem av fylkesstyret, men har møte - og talerett i møta. Til fylkesstyremøta skal landsstyrerepresentanten , Stortings- og fylkestingsrepresentantar og leiarar av nemnder som er i arbeid, ha innkalling. Alle desse har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Reiseutgiftene til fylkesstyremøta blir dekte av fylkespartiet. I fylkesstyret skal det vere minst 1 representant frå kvart geografiske område (Nordmøre, Romsdal, nordre Sunnmøre og søre Sunnmøre. Møre og Romsdal SU vel sjølv ein representant og vararepresentant(ar) til fylkesstyret.

Fylkespartiet har eit representantskap samansett av fylkesstyret og 1 representant frå kvart lokallag og 1 frå SU. Lokallag med fleire enn 50 medlemmer blir representerte med 2 personar. Lokallaga vel sine representantar til representantskapet på årsmøta sine. *Dersom det ikkje er gjort særskilt val av slik representant, reknar ein lokallagsleiaren som representant, med nestleiaren som vara.* Representantskapet har minst 1 møte i året.

§ 3.

Fylkesstyret vel ein kvinnepolitisk kontakt, ein faglegpolitisk kontakt og eventuelt andre kontaktar fylkesårsmøtet eller fylkesstyret finn formålstenleg.

§ 4.

Val på fylkesplan må førebuast godt. Laga sender skriftlege framlegg til kandidatar. Årsmøtet skal velje ei førebuande valnemnd. Denne nemnda skal undersøkje om kandidatar er villige til å ta imot verv, og skal om det trengst ta initiativ til å finne villige kandidatar. Medlemene av valnemnda kan ikkje vere medlemmer av fylkesstyret.

§ 5.

Når fylkespartiet skal velje utsendingar til landskonferansar o.l., må lokallaga få frist til å kome med framlegg til utsendingar. Dersom det er kome inn nok forslag før fristen er ute, er det ikkje muleg å kome med forslag om nye kandidatar under møtet som skal velje utsendingar. Delegasjonar til slike konferansar skal lage ein skriftleg rapport til fylkestyret. Fylkesstyret er ansvarleg for vidare informasjon til laga.

§ 6.

Det er eit mål at alle kommunar i fylket skal vere representerte på representantskapsmøte og fylkesårsmøte. Medlemmer i kommunar utan lag kan møte som observatørar. Der det er fleire enkeltmedlemmer, har fylkesstyret i oppgåve å sette desse i kontakt med kvarandre, slik at dei kan bli einige om kven som skal møte.

Talet på utsendingar frå laga blir rekna etter kor mange medlemmer dei har.

Lag med opp til 9 medlemmer kan sende 1 utsending, lag med 10 -19 medlemmer kan sende 2 utsendingar, lag med 20 til 39 medlemmer kan sende 3 utsendingar og lag med 40 medlemmer eller fleire, kan sende 4 utsendingar. Den som fungerer som fylkeskasserar skal kontrollere at laga ikkje møter med fleire utsendingar enn denne regelen gir rett til. Utsendingar og medlemmer av fylkesstyret har stemmerett (unnateke rekneskap). Medlemene i dei faste utvala, revisorar, representantar i Storting og fylkesting, landsstyrerepresentanten og medlemmer i nemnder i arbeid, skal innkallast til representantskapsmøte og fylkesårsmøte.

Det er prinsipielt muleg for alle partimedlemmer i fylket å vere til stades som observatørar. Fylkesleiaren kan avgrense dette tilgjengelet der praktiske forhold talar for det. Møtet avgjer om alle eller ein del av desse observatørane har tale- og forslagsrett.

Møre og Romsdal SU vel sjølv 3 utsendingar til Møre og Romsdal SV sine fylkesårsmøte. Desse utsendingane møter med fulle rettar. Møre og Romsdal SU kan òg stille med observatørar i den grad fylkesleiaren i Møre og Romsdal SV tillèt det ut frå praktiske omsyn. Møre og Romsdal SU sine utsendingar stiller på same vilkår som dei andre når det gjeld deltakaravgift og reisefordeling.

§ 7.

Delfinansiering av fylkesårsmøtet: Lokallaga betaler ei avgift per årsmøteutsending dei har rett til, uansett frammøte eller ikkje. Fylkesårsmøtet avgjer størrelsen på avgifta for neste års fylkesårsmøte.

Partiskatt: Satsar for partiskatt for politiske verv i fylkeskommunale organ vert vedteke på fylkesårsmøte same år som nominasjonsmøtet for fylkestinget. Søknadar om redusert partiskatt skal avgjerast av fylkesstyret.

§ 8.

Dersom andre enn fylkesstyret ønskjer å arrangere ein fylkeskonferanse (t.d. kvinnepolitisk eller faglegpolitisk konferanse), må planane leggjast fram for fylkesstyret til eventuell godkjenning. Det må leggjast fram ei økonomisk ramme. Utgiftene til slike konferansar blir

dekke på same måte som vanlege fylkessamlingar. Fylkespartiet dekkjer då reise- og eventuelt diettutgifter til fylkestillsfolk, utgifter til innleiarar, leige av møtelokale og eventuelt andre nødvendige utgifter.

§ 9.

Fylkessekretæren skal i god tid sende ei påminning til laga om komande fylkesårsmøte og representantskapsmøte, med frist for innlevering av forslag og resolusjonar. Forslaga bør sendast ut til lokallaga saman med innkalling til møte/dagsorden. Saker som ikkje er sende ut på førehand, kan berre takast opp dersom det hastar, og møtet med 2/3 fleirtal vedtek å setje saka på dagsorden.

§ 10.

Landsstyrerepresentanten er ansvarleg for at landsstyresakene blir skikkeleg behandla i fylkespartiet før alle landsstyremøta. Faste utval bør kontaktast i saker som vedkjem deira arbeidsområde. Alle viktige saker bør leggjast fram for fylkesstyret dersom tida tillèt det. I år med fylkestingsval, vel fylkesårsmøtet ei forhandlingsnemnd som har fullmakt til å underteikne konstitueringsavtale på vegner av fylkespartiet. Nemnda skal ha 3 medlemer: Fylkesleiar, ein av dei fremste kandidatane til fylkestinget og 1 annan medlem av fylkesstyret. Utgiftene til dette blir dekte av fylkespartiet. Landsstyrerepresentanten møter på fylkesstyremøta.

§ 11.

Etter ny partilov har Sosialistisk Ungdom rett til sin del av stemmestøtte og grunnstøtte etter §12(3) i partilova. Møre og Romsdal SV forpliktar seg til å informere leiinga i Møre og Romsdal SU om søknaden og søknadsfristen til den offentlege økonomiske støtta til ungdomsorganisasjonen.

§ 12.

Vedtektene kan berre endrast av fylkesårsmøtet med vanleg fleirtal. Saka må vere oppført på dagsordenen til møtet, og endringsforslaga må vere utsende saman med innkallinga.

Vedlegg 1: Retningslinjer for val av utsendingar til landsmøta i SV

Val av utsendingar til landsmøta vert gjort etter dei retningslinjene som er fastsette i SV sine vedtekter, § 20. Geografiske og andre forhold som er spesielle for vårt fylke må vurderast ved valet.

Fylket blir i denne samanhengen delt inn i 3 regionar : Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. Utsendingar blir fordelte mellom desse. Ved fordeling må partiet sin styrke og effektivitet i den enkelte regionen vurderast. Ein region kan ikkje utan vidare rekne med 1/3 av utsendingane.

Lag som ikkje har ordna sin kontingent til fylket innan den tidsfristen som er sett når det skal fastsettast kvote for det enkelte fylket, kan normalt ikkje rekne med å få tildelt utsendingar, sjølv om laget står for tur.

Fylkesleiar og fylket sin første kandidat til landsstyret blir automatisk valde til landsmøteutsendingar. Dei regionane som har fylkesleiar, landsstyrerepresentant og første kandidat til det nye landsstyret, får automatisk valt ein utsending mindre. Desse plassane blir tekne frå dei laga som står sist for tur i regionen.

Val av landsstyrerepresentant og fylkesleiar vert gjort før val av utsendingar til landsmøtet på fylkesårsmøtet.

Vedlegg 2: Retningslinjer for arbeidet i nominasjonsnemnda

I arbeidet med å kome fram til eit forslag til valliste for Møre og Romsdal SV, skal den førebuande nominasjonsnemnda leggje vekt på god geografisk fordeling av kandidatar og god kjønnsbalanse slik at mann og kvinne blir ført opp på annankvar plass. Dersom det viser seg umuleg å få kandidatar frå eit av kjønna på plassane 2, 3 eller 4 på nominasjonslista frå eit område som høver i forhold til bustadsadressa til kandidaten framfor, kan ein enten sjå bort frå kravet om geografisk spreining eller kravet til mann og kvinne på annankvar plass.

Den førebuande nominasjonsnemnda hentar inn forslag til kandidatar frå lokallaga.

Nominasjonsnemnda hentar deretter inn skriftleg informasjon om kvalifikasjonane til minimum alle som er kandidatar til dei fire første plassane.

Informasjonen om kandidatane til dei første plassane og opplysningar om kven som er foreslått til kandidatar på vallista blir sendt ut til laga slik at dei kan kome med nye forslag ut frå betre kunnskap om kvalifikasjonar og kandidatar.

Nominasjonsnemnda vurderer innkomne forslag og innstiller til nominasjonsmøtet. Nemnda bør møtast fysisk til det siste avgjerande møtet.

FORRETNINGSORDEN FOR FYLKESÅRSMØTE I MØRE OG ROMSDAL SV

Med utgangspunktet i SV sin forretningsorden for landsstyremøte og landsmøte, vert følgjande forretningsorden tilrådd :

OPE MØTE

Fylkesårsmøta er opne – dersom ikkje fylkesstyret har tilrådd noko anna og årsmøtet har slutta seg til dette.

RETTAR FOR DELTAKARANE

Full tale, forslags- og røyserverett har :

Representantar valde frå SV-laga i fylket.

Fylkesstyret – med unnatak for røyserverett om rekneskap

3 representantar for SU

Tale- og forslagsrett har :

Varamedlemmer til fylkesstyret

Medlemer av utval oppnemnde av fylkesårsmøte eller fylkesstyret

SV sine stortingsrepresentantar

Talerett har :

Politisk sekretær frå SV sitt partikontor

Medlemer i SV si stortingsgruppe

Andre som er medlemer av SV og som det ved starten av møte vert gjort vedtak om talerett for.

KONSTITUERING

Under konstituering vert først dagsorden vedteken og det vert valt ordstyrarar og skrivarar.

Deretter vert foretningsorden vedteken, og det vert gjort val til redaksjonskomité og evt. andre årsmøtekomitéar.

ORDSTYRARAR/ SKRIVARAR/ REDAKSJONSKOMITÉ/ VALKOMITÉ

Årsmøtet vel 2 ordstyrarar til å styre møtet. *Det kan veljast ulike ordstyrarar til første og andre dag av årsmøtet, men to for kvar dag.*

Årsmøtet vel 2 skrivarar som skal føre protokoll.

Protokollen skal innehalde :

- oversikt over møtedeltakarar og møtefunksjonærar
- oversikt over saker som vert handsama og innleiarar
- oversikt over framlegg, framleggsstillarar og røystetal

Fylkesstyret godkjenner årsmøteprotokollen.

Når årsmøtet er opna, vert det valt valkomité, redaksjonskomité og eventuelle andre komitear som årsmøtet har bruk for.

AVRØYSTINGAR

Alle framlegg skal leverast skriftleg til ordstyrar og vere underskrivne av den/dei som set fram framlegget. Framlegg kan ikkje setjast fram etter at strek er sett, unnateke til forretningsorden. Før strek vert sett, skal ordstyrar referere framlegg som ikkje er sette fram før frå talarstolen, og det skal verte gjeve høve til å levere framlegg. Ordstyrar set fram forslag til voteringsorden og evt. oversending til redaksjonskomitéen. Røysting skjer normalt ved handsopprekking eller skriftleg. Ved handsopprekking skal delegatkort visast. Oppteljing skjer dersom det kan vere tvil om utfallet, eller dersom ordstyrar finn det nødvendig.

Røystinga skjer skriftleg dersom nokon krev det.

TALETID

Framlegg skal refererast innanfor tilmålt taletid. Kvar representant har rett til 2 innlegg til kvar sak. Til vanleg er taletida 5 minutt for første innlegg og 3 minutt for andre innlegg. Det er høve til inntil 2 replikkar og 1 svarreplikk à 1 minutt til kvart innlegg. Ordet til forretningsorden må ikkje overstige 1 minutt. Ingen kan ha ordet meir enn 2 gonger i same forretningsordendebatt.